

2024

Årsrapport for Sirdal sokneråd

Vedtatt SR-sak 28 / 25
Sirdal sokneråd 04.06.2025



Foto av Frank Haugom

1. Organisasjon

A. Soknerådet/Fellesrådet si verksemd

Soknerådet/Fellesrådet 2023-2027:

Sissel Agathe Bø – leiar

Svein Arnfinn Hompland – nestleiar

Björg Hilde Fidjeland

Arvid Tjørhom

Tone Marit Bjørnstad

Siri Elisabeth Skagestad

Knut Torfinn Øydna – sokneprest

Isak A. Liland – Kommunen sin representant til Kyrkjeleg Fellesråd frå 2024

1.vara Tore Kvæven

2.vara Peder Solheim

3.vara Gunn-Siri Ousdal

Saker:

Soknerådet/Fellesrådet har i 2024 hatt åtte møter. Møta har vore på Tonstad og på Kvævemoen.

Særskilte saker som soknerådet/Fellesrådet har arbeidd med i året som har gått:

- Oppfølging av behovet for nytt kyrkjesenter som tilfredsstillar lovkrava. Orienteringar frå arbeidsgruppa for nytt kyrkjesenter.
- Oppstart av temakveldar.
- Godkjenning av gudstenesteplan.
- Etablering av minnelund.
- Retningslinjer for trusopplæringsutvalet.
- Tildeling frå Eikestøl og Egeland sine legat.
- Godkjenning av offerttildeling.
- Oppnemning til utval m.m. Justeringar i mandat og retningslinjer.
- Samarbeid med bedehuset om pinsegudsteneste/samling.
- Samling for ukrainske flyktningar.
- Årsfest med årsmøte.
- Ansettelse av sokneprest og kyrkjevevjerje.
- Endring ang. ofring rundt alter.
- Rekneskap 2023.
- Budsjet og økonomiplan.
- Tertialrapportering økonomi.
- Søknad om rammetilskot.
- Tilstandsrapport bygg.
- Salmekveldar med organist.

Medlemmer av utval/komitéar oppnemnt av soknerådet 2023-2027 (vedtatt 17.01.24, revidert 06.11.24):

Kyrkjeleg administrasjonsutval:

Sissel Agathe Bø, leiar

Svein Arnfinn Hompland, nestleiar

Arvid Tjørhom

Inger Solveig Høyland, arbeidstakarrepresentant

Yngve Bjørn Søyland/Anne Grethe Gyland Josdal, kyrkjevevjerje

Forhandlingsutval:

Sissel Agathe Bø, leiar

Svein Arnfinn Hompland, nestleiar

Yngve Bjørn Søyland/Anne Grethe Gyland Josdal, kyrkjevevjerje

Gudstenesteutval:

Sissel Agathe Bø
Björg Hilde Fidjeland
Michal Medzkiewicz, kontor
Knut Torfinn Øydna, sokneprest

Trusopplæringsutval:

Kari Fjermestad
Grete Hegre
Siri Elisabeth Skagestad
Inger Solveig Høyland, kyrkjelydsarbeidar
Birgitta Tjørhom, kyrkjelydsarbeidar

Diakoniutval:

Tone Marit Bjørnstad
Inger Johanne Ousdal
Knut Torfinn Øydna, sokneprest

KN komité:

Sven-Egil Testad
Inger Solveig Høyland

Kirkens SOS kontakt:

Ruth Lillian Hompland

Misjonskontakt – kontaktperson for NMS:

Sissel Agathe Bø

Kulturutval:

Peder Solheim
Gunn-Siri Ousdal
Hanne Fodstad
Jørgen Tjørhom
Michal Medzkiewicz, kontor

Haustattakefest Kvæven:

Asta Lunde
Anna Kvæven
Ester Tjørhom

Arbeidsgruppe for nytt kyrkjesenter:

Siri Elisabeth Skagestad, leiar
Svein Arnfinn Hompland
Arvid Tjørhom
Inger Solveig Høyland (dei ansatte sin representant)
Yngve Bjørn Søyland/Anne Grethe Gyland Jøsdal, sekretær

2. Personalet

Mål for 2024: Arbeide for gode arbeidstilhøve for tilsette i kyrkja lokalt.

Totalt har soknerådet ca. 4 årsverk som er fordelt slik:

100 % Kyrkjevevje/dagleg leiar
100 % Organist/kontor
120 % Kyrkjelydsarbeidar
57 % Kyrkjetenar
37 % Reinhaldar

Endringar gjennom året:

Michal Medzkiewicz starta som kantor i januar. Knut Torfinn Øydna vart fast tilsett som sokneprest i mai. Anne Grethe Gyland Josdal byrja som kyrkjevevjerje i august. Ho tok over etter Yngve Bjørn Søyland.

Mesteparten av drifta er finansiert av Sirdal kommune, men noko kjem også i form av eit kronebeløp frå Kyrkerådet (trusopplæring) og noko andre mindre inntektar. Det har vore naudsynt å trekke inn vikarar gjennom heile året. Spesiell takk til pensjonert kantor Hanne Fodstad som har vore til stor hjelp, men også andre har trådd til. I tillegg betaler soknerådet på ein kordirigentstilling, barnekoret (17,5 %). Arbeidsgjevar er kulturskulen (Sirdal kommune).

3. Verksemda – bygg, administrasjon og anlegg

A. Kyrkjene

- Det har vore årleg kontroll og vedlikehald av det elektriske anlegget i kyrkjene og kapella. Avvik har vorte lukka.
- Varmepumper vart montert i Haugdom kapell og Tonstad kyrkje i desember 2023 og i Kvævemoen kapell i mai i 2024. Riksantikvaren har nekta å godkjenne utedel av varmepumpe i Lunde kyrkje.

Kyrkjesenter

Det har ikkje blitt noko løysing med nye kyrkjekontor i 2024. Arbeidsgruppa har ein god dialog med kommunen om saka. Det vil vere eit hovudmål for verksemda å få nytt kyrkjesenter på plass.

B. Gravplassane

Mål : Leggje til rette for at gravplassane er gode stader å vere for sørgjande og andre som ferdast der

Det gode samarbeidet med teknisk eining i kommunen om drift og vedlikehald av gravplassane held fram med Ole Terje Josdal. Frå vår ståstad er gjeldande ordning god, og vi meiner den nyttar både maskin- og personalressursane på ein god måte.

Soknerådet har som mål å få etablert eit tilbod om minnelund i samarbeid med kommunen.

ASVO har også i år hatt ansvar for gravstell på vegne av fellesrådet.

4. Verksemda – kyrkjelyd

Statistikk	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Gudstenester og liknande	74	74	74	39	43	81	77	65
Deltakarar	4570	4256	4061	1941	1312	3307	4273	5182
Snitt pr gudsteneste	61,8	57,5	55	50	30	41	56	79,7
Dåp i gudstenestene	14	15	14	11	7	5	15	17
Konfirmantar	19	14	20	18	16	14	21	28
Vigslar	6	2	4	5	0	1	3	3
Gravferder	14	18	10	17	12	20	12	14
Konsertar/musikkandaktar	10	8	6	4	5	6	6	8
Deltakarar, konsertar/musikkandaktar	682	620	385	200	293	363	498	426

A. Gudstenesteliv

Gudstenesteutvalet har bestått av sokneprest Knut Torfinn Øydna, kantor Michal Medzkiewicz, Sissel Agathe Bø og Bjørg-Hilde Fidjeland. Utvalet har hatt eit møte i løpet av året. På møtet blei gudstenesteplan for heile 2025 gått gjennom.

Gudstenesteplanen vart fylgd som oppsett i 2024. 7. juli var det messefall i Lunde kyrkje, men i staden vart det konsert v/ organisten med god oppslutning.

Årsfest med årsmøte vart halden 10.03.24 på bedehuset. Prosjektkoret song, og soknepresten hadde andakt. Enkel kveldsmat blei servert. Årsrapporten og rekneskapen for kyrkjelyden vart framlagt.

Påskegudstenestene:

Påskeprest var også i år Bjarte Hetlebakke, utlånt frå Stavanger bispedømme. I tillegg til gudsteneste i Kvævemoen kapell, hadde han andakt i Ålsheia. Langfredag var det friluftsgudsteneste på Kvinen.

Friluftsgudstenester i 2024:

1.pinsedag arrangerte kyrkja gudsteneste i kulturhuset i samarbeid med bedehusforsamling. Det var svært godt frammøte, bra program og grilling etter gudstenesten.

9.mai var det friluftsgudsteneste i KRIK sin lavvo på Øksendalsheia. Det vart grilla, og Sven-Egil Testad deltok med trekkspel. Ca. 50 stk. møtte fram.

28. juli var det friluftsgudsteneste på Kvinen (olsok). Egil Netland hadde andakt. Jorunn Kydland hadde sin siste tur som naturlos. Ho fekk blomar sendt heim som takk for innsatsen gjennom mange år. Ca. 35 personar deltok.

Sirdalsdagane:

8. september hadde kyrkjelyden arrangement i hagen ved kapellet, med aktivitetar for born og unge. Trusopplærarane hadde ansvaret for opplegget. Frivillige steikte lappar og serverte kaffi. Arrangementet vart godt besøkt. Mange var innom og såg i kapellet.

Frivillige:

Gudstenesteutvalet hadde 05.12.24 møte med 10 frivillige. Ein drøfta rutinar og fordeling av oppgåver. Dei frivillige gjer teneste som klokkar, kyrkjevert og tekstlesar. Kyrkja treng fleire personar til desse oppgåvene.

B. Kyrkjemusikk

Mål:

- *At vi prioriterer korarbeid og det kyrkjemusikalske arbeidet*

Viktige resultat og utvikling i 2024:

- Auka musikalsk variasjon: Meir bruk av piano og involvering av frivillige musikarar (minst 1 gudsteneste per månad med ekstra artist).
- Gode tilbakemeldingar frå brudepar og pårørande (særleg for tilgjengelegheit og fagleg kvalitet).
- Konsertar:
 - Planlagt 3 profesjonelle konsertar
 - Kun ein blei gjennomført (juni i Lunde kyrkje)
 - To vart avlyst (ein pga. økonomi, ein pga. private grunnar)
- Andaktar og musikkandaktar ved Sirdalsheimen (ca. 1 gong per månad) vart vidareført.

Prosjektkoret:

Styret og dirigent har vore einige om å driva koret som eit prosjektkor inntil vidare.

Medlemstal/aktivitet:

Vi syng jula inn, 17.12.23: 15 deltakarar i koret i tillegg til 10 stk. under 18 som deltok i koret/som solistar på konserten. Ingen deltakaravgift.

Gospelprosjektet, konsert 10.02.24: 18 deltakarar i koret i tillegg til 4 jenter under 18 år som deltok i koret og var solistar på konserten. Ingen deltakaravgift.

Musikk i junikveld, 06.06.24: 17 deltakarar i koret i tillegg til 4 jenter under 18 år som deltok på konserten. Ingen deltakaravgift.

Julefryd, 07.12 og 08.12.24: 19 deltakarar i koret i tillegg til 4 jenter under 18 år som deltok på konsertane. Deltakaravgift: 100 kr.

Gospelprosjekt, 24.05.25: Deltakaravgift: 150 kr.

Prosjektkoret har i 2024 hatt eit styre beståande av leiar Michal Medzkiewicz, dirigent Ragnhild Maria Sandvik samt styremedlemmene Ellyn Skregelid, Gunnlaug Seland, Hanne Fodstad, Ingunn Tonstad og Sven Sandvik (det tidlegare Blandakorstyret).

Prosjektkoret er eit kor for ungdom og vaksne, og opent for alle som har lyst til å synge. Det vert drevet prosjektbasert, noko som inneber at deltakarane kan vere med på eit prosjekt for så og ikkje vere med på det neste. Repertoaret strekkjar seg frå gospel og spirituals, til songar av Sigvart Dagsland og tradisjonelle norske julesongar. Prosjektkoret starta hausten 2023 med utgangspunkt i det som var Sirdal Blandakor. Ragnhild Maria Sandvik kom inn som ny dirigent, og koret gjekk frå å vere eit ordinært kyrkjekor til prosjektbasert drift. Koret har ukentlege øvingar torsdagar frå 19.30-21.30 i Tonstad kyrkje og har samarbeida med musikarar som Oddbjørn Stakkeland, Tom Andreas Kristensen, Hege Kristin Kjærvoll og Merethe Camilla By. Koret har hatt godt besøkte konsertar og opplever for tida ein eksplosiv medlemsvekst med medlemmer frå heile Sirdal i alderen 14-80 år.

Tonstad Barnekor:

Koret sin dirigent er Ragnhild Maria Sandvik utleid frå kulturskulen (SMoK). Dette er ei ordning vi er svært glade for å ha.

Våren 2024 var det 11 medlemmer i Tonstad Barnekor frå 5 år og opp til 4.klasse. Dei hadde øvingar på Tonstadli frå 16.45-17.30. Totalt var det planlagt 16 øvingar (to vart avlyst). Inger Solveig Høyland og Marte Blånes Lindeland har vore styremedlemmer i 2024.

Barnekoret deltok på gudsteneste i Tonstad kyrkje 17.mars og 17.mai. Barnekoret sang og på Pinsefest 19.mai i Sirdal kulturhus. I tillegg var dei på tur til Rush Trampolinepark og på konsert med Seven-jentene i Randaberg kirke søndag 14.april. Ein veldig kjekk dag med god oppslutnad frå både barnekorbarn og foreldre! 10.juni var det Hyggekveld med diplomutdeling og mini-konsert for kormedlemmer og foreldre i Tonstad kyrkje.

Hausten 2024 har Tonstad Barnekor hatt 14 medlemmer og 13 øvingar (samme sted og tidspunkt som i vårsemesteret). Koret har delteke på Tru og lys gudsteneste i Tonstad kyrkje 18.september, på Hausttakkefest i Tonstad kyrkje 27.oktober, på Adventsamling i Tonstad kyrkje 1.desember og på gudsteneste julaften i Tonstad kyrkje. I tillegg har dei delteke på HalloVenn 31.oktober, vore på Superlørdag på Gyland bedehus 23.november (med Seven-jentene) og sunge julesongar og gått rundt juletreet på Sirdalsheimen 19.desember. Ein travel men kjekk haust 😊.

C. Undervisning – barn og ungdom

Mål for perioden:

- At flest mogleg av tar del i kyrkja si trusopplæring.

Trusopplæringa:


Tilsette:

- Birgitta Tjørhom, kyrkjelydsarbeidar 50%
- Inger Solveig Høyland, kyrkjelydsarbeidar 70%

Gjennomførte tiltak i 2024:

Tabellen viser kva for nokre tiltak me har hatt i trusopplæringa i 2024 og prosentvis oppslutning.

Oppslutning i prosent



Alder	Tiltak	Deltagere prosent
		2024
0	Døpsgudsteneste	107
0	Døpssamtale	107
0-10	HalloVenn Familiearrangement	51
3	Krøllekveld for 3-åringar	75
4	Påskefest med utdeling av barnebibel til 4-åringar	113
4-11	Sprell Levende på Kvævemoen	23
5	Pinsefest i kyrkja	80
6	Haustattakkefest	67
6-10	Tonstad Barnekor	18
9	Tårnagenthelg	85
10	Utdeling av NT til 5.klasse	65
10-13	Fredagsklubb i Øvre Sirdal	30
11	LysVåken	52
13-15	TRAFO	65
15	Konfirmasjonstid	93
	Totalsum	69

Den prosentvise oppslutninga viser rett bilde for enkelttiltaka me har for eit alderskull i heile dalen. Slik som til dømes Påskefest eller Tårnagenthelg. For dei kontinuerlege tiltaka, som til dømes Trafo eller Sprell Levende på Kvævemoen, vil ikkje den prosentvise oppslutninga i tabellen gje heile bildet av oppslutninga. Dette er tiltak som går over fleire kull, og er anten på Tonstad eller i Øvre Sirdal. Oppslutning i prosent er difor vanskeleg å nytte, men me opplever god oppslutning også på desse tiltaka.

Konfirmantar:

28 ungdomar vart konfirmert i 2024. 7 frå Øvre Sirdal og 21 frå Tonstad.

På Tonstad var det konfirmasjonsgudsteneste laurdag 25.mai og sundag 26.mai, og i Lunde kyrkje var det konfirmasjonsgudsteneste laurdag 1.juni. Konfirmantåret vart avslutta på KRIK sin konfirmantleir i Bø 21.-25.juni.

Hausten 2024 har 22 ungdomar i Sirdal valt å vere konfirmantar i Sirdal i 2025. I tillegg har to av ungdomane som skal konfirmere seg i Øvre Sirdal i 2026 valt å følgje delar av opplegget i skuleåret 2024/2025. Dei fordel då konfirmant-opplegget ut over to år i staden for eit.

Skule/barnehage-kyrkjesamarbeid:

I Sirdal har me eit godt samarbeid med skule og barnehage. Skulen og barnehagen ønskjer å komme til kyrkja og at me som arbeider i kyrkja skal komme på besøk til dei. I 2024 har me hatt skulegudstenester med Sinnes og Tonstad skule både før jul og før påske. I tillegg har me hatt Sjøkk kyrkja, julevandring og besøk i barnehagane før jul og før påske.

Trusopplæringsutvalet:

Trusopplæringsutvalet i 2024 har i tillegg til Inger Solveig og Birgitta vore: Grete Hegre, Kari Fjermestad og Siri Elisabeth Skagestad. Dei er gode til å stille opp som frivillige på trusopplæringstiltaka og kjem med gode innspel på kva me bør prioritere. Våren 2024 hadde me eit møte.



D. Givarteneste

Givarteneste er noko Sirdal sokn må gå inn for å auke. Det trengs fleire inntekter, jfr. rekneskapen. Ein bør vurdere ordning med fast givarteneste. Pr. i dag har ein givarteneste til Trafo.

E. Diakoni og misjon

Mål for perioden:

- *At diakoni og misjon har ein sentral plass i kyrkjelyden.*
- *Arbeide for å gje eit godt kyrkjeleg tilbod til turistane.*

Misjon/internasjonalt engasjement:

Kyrkjelyden har avtale med NMS om eit misjonsprosjekt. Det blir tatt opp seks ofringar ved gudstenester kvart år, og naturlegvis er det også forbøn. NMS driv blant nordafrikanske immigrantar i Spania. Sissel Agathe Bø er soknerådet sin kontaktperson, og er også engasjert i NMS-Spania direkte gjennom NMS foreininga med

økonomisk støtte. Ho får nyheitsbrev som ho sender vidare til kyrkjekontoret. Kyrkjelyden får besøk av regionkontakten kvart år.

Fasteaksjonen til inntekt for Kirkens Nødhjelp er også ein viktig del av kyrkjelyden sitt internasjonale engasjement. Konfirmantane hadde dør til dør-innsamling. Det kom inn 20.318 kr.

Diakoni og eldrearbeid:

Diakoniutvalet har bestått av Knut Torfinn Øydna, Tone Marit Bjørnstad og Inger Johanne Ousdal. Utvalet hadde eit møte i 2024.

Utvalet har delteke på to arrangement gjennom året. Det eine arrangementet var Tro og Lys-samlinga den 18. september. Samlinga byrja kl. 17 i Litlemohagen, med song, leik og traktering. Påfølgjande gudsteneste i Tonstad kyrkje (eige liturgi). Her deltok blant anna Tonstad barnekor. Det var stort frammøte i kyrkja. Det andre arrangementet var ei samling i forlenginga av kyrkjekaffi på Allehelgen i Lunde kyrkje. Samlinga vart kalla *Tankar om sorg*, og vart halden av soknepresten.

Diakoniutvalet sine medlemmar går og med helsingar og ei merksemd til jubilarar som fyller 80, 90 og 100 år.

Gullkonfirmantar:

Mange set pris på den årlege tradisjonen med å innby alle Gullkonfirmantane til 50-års jubileum. Dei som blei konfirmert for 50 år sidan blir inviterte til gudsteneste i Tonstad kyrkje og middag etterpå på Tonstadli. Dei betaler for middagen sjølve. Ein god del 50-årskonfirmantar møtte opp, og det blei ei flott markering.

F. Kultur

Kulturutvalet:

I samband med val av nytt sokneråd vart det også nye medlemmer til kulturutvalet frå og med 2024. Kulturutvalet har ikkje stått for nokre eigne arrangement i 2024.

G. Samarbeid med skule og barnehage

Samarbeidet mellom kyrkje-skule og kyrkje-barnehage er godt, og planane for dette samarbeidet vert følgd opp. Sjå kapittel C.

H. Informasjonsarbeid

Informasjonsarbeid er eit viktig område. Bladet «Kyrkje og kultur i Sirdal» hadde sin 13. årgang i 2024, og nr. 4, november 2024 – mars 2025, vart siste utgåve. Lars Audun Fodstad hadde redaktøransvar og Sven-Egil Testad var i komiteen for bladet. Begge valgte å trekkje seg i slutten av 2024 etter 15 år som frivillige i denne tenesta. Soknerådet rettar ein stor takk til dei for arbeidet dei la ned i alle desse åra. Det lukkast ikkje soknerådet å få tak i nye frivillige til denne tenesta.

«Kyrkje og kultur» var eit samarbeid med kultureininga i kommunen. Sirdal kommune sa opp samarbeidsavtalen angående bladet i 2024. Soknerådet har vedteke å finna ny måte å nå ut til kyrkjelyd og bygda med stoff frå kyrkja. Kulturutvalet har kome med innspel i den samanheng og vil arbeide vidare med temaet.

Det vil vere viktig å oppdatere heimesida www.sirdal.kyrkja.no, for at folk ikkje skal mista interessa. No er det blitt meir vanlig at vi legg hendingar og aktivitetar ut på Facebook. Det viser seg å vere ein god måte å nå folk på. Gudstenestene vert fortsatt annonsert.

5. Rekneskap 2024

Drift:

Driftsrekneskapen for 2024 syner eit netto driftsresultat tilnærma lik null.

Dei økonomiske rammene for drifta er stramme, men netto har drifta i grove trekk vore innafor vedteke budsjett.

Sum driftsutgifter (korrigert for ikkje budsjetterte refusjonar) blei kr 5 710 000 mot budsjettert kr 5 488 000, som er eit negativt avvik på kr 222 000.

Sum driftsinntekter (korrigert for ikkje budsjetterte refusjonar) blei kr 5 433 000 mot budsjettert kr 5 386 000 som gjev eit positivt budsjettavvik på kr 47 000.

Brutto driftsresultat (differansen mellom driftsinntekter og driftsutgifter) vart dermed kr 175 000 dårlegare enn budsjettert, og er i 2024 negativ med kr 277 000 mot budsjettert kr 102 000 i minus.

Høgare renteinntekter i 2024 enn budsjettert innebar at det negative avviket mellom budsjett og rekneskap vart redusert til kr 107 000.

Også i 2024 var dei løpande driftsutgiftene høgare enn driftsinntektene, og over tid er det ikkje berekraftig at verksemda sine løpande driftsutgifter er høgare enn driftsinntektene. Det vil vere eit prioritert område for soknerådet å arbeide med økonomien med sikte på å få ein sunn og berekraftig balanse mellom dei løpande driftsutgifter og driftsinntektene.

På utgiftssida er det løn og sosiale utgifter som er den største delen og utgjør ca. 60 % av dei totale driftsutgiftene. Løn og sosiale utgifter har auka betydeleg frå 2023. Det var budsjettert med ei auking, men ho vart noko større enn budsjettert. Pensjonsutgiftene er fortsatt svært høge og utgjør ca. 20 % av lønsutgiftene. Utgifter til kjøp av varer og tenester syner reduksjon frå året før, men er likevel samla kr 112 000 høgare enn budsjett.

På «botnlinja» framkommer eit mindreforbruk på kr 26 568, som rådet må fatte vedtak om disponering av.

Investeringar:

Det har i 2024 vore gjennomført begrensa investeringar innafor Enøk. Det er mottatt investeringstilskudd frå kommunen, som ikkje fullt ut er benytta i 2024, og ubrukt del framkommer i årsrekneskapen som udisponert, og rådet må fatte vedtak om disponering i 2025.

Fondsmidlar:

Soknerådet sin balanse syner at rådet fortsatt har tilfredsstillande fondsmidlar, og saman med utbetaling av kommunen sitt rammetilskot i starten av året, har dette gjeve ein god likviditet gjennom året, som og har gjeve gode renteinntekter.

Sjå forøvrig noter til rekneskapen, kor det er gjeve tilleggsinformasjon til dei enkelte fonda.

Utsiktene framover:

Arbeidet med å skaffe nye kontorlokaler har vore eit pågåande prosjekt over fleire år. Og ein ser nå optimistisk på moglegheita til å få realisert dette i løpet av 2025.

Innsparingar på vedlikehald av noverande bygg i påvente av løysing, har over fleire år resultert i avsetjing og oppbygging av fond som kan verte nytta til delfinansiering, og utgjør pr 31.12.24 kr 575 000.

I tillegg til arbeidet med nye kontorlokaler vil det vere ein prioritert oppgåve å få driftsrammar kor dei løpande driftsinntektene er minst like store som dei løpande driftsutgiftene.

Sirdal sokneråd har ein liten administrativ stab, og det er derfor av stor verdi å ha ein samarbeidsavtale / tenesteytingsavtale med kommunen. Pr nå yter kommunen tenester på administrative område som rekneskap og løn samt tekniske tenester på drift av kyrkjegardar. Avtalen med kommunen er av gamal dato, og soknerådet vil gå i dialog med kommunen med sikte på å få på plass ein fornya avtale.

6. Likestilling/diskriminering

Sirdal sokneråd arbeider aktivt for likestilling og mot diskriminering, jf. Likestilling og diskrimineringsloven § 26.

Arbeidet er ein del av verksemda sitt HMS-arbeid for å søke og hindre diskriminering, jf. Punkt 7.0.

Internkontroll. Krav om 40% representasjon av begge kjønn. Det lykkast ikkje å få lik representasjon ved valet i 2023. 4 kvinner (66,7 %) og 2 menn (33,3 %) vart valde inn som faste medlemmar til soknerådet. I underutvala er det ein god balanse mellom kjønn. Kjønnfordeling i staben: 3 kvinner (60 %) og 2 menn (40%) pr. desember 2024.

Soknerådet har ansvaret ved val til soknerådet og kyrkjevevjen har det daglege ansvaret. Tilsette har digital tilgang til varsling (kyrkja sitt system).

Det er avgrensa tilgang/ikkje tilgang for funksjonshemma grunna manglande universell utforming av/til kontora og øvrige rom ved kyrkjesenteret. Kyrkjesenteret med kontor tilfredsstiller heller ikkje krav i Arbeidsmiljøloven. Det blir jobba aktivt med nye kontor. Dette gjeld i liten grad ved kyrkjene, som alle er tilrettelagt for funksjonshemma.

7. Helse, miljø og sikkerhet

Hms-utvalet består av kyrkjevevje, verneombud, prost, bedriftshelsetenesten (bht) og tillitsvalgt for prestane i prostiet.

Den største hms-utfordringa er arbeidstilhøva for dei tilsette ved kyrkjekontoret.

Det har ikkje vore meldt inn avvik i 2024. Ein har digitalt system for varsling som dei ansatte kjenner til.

Internkontrollsystemet vert revidert jamnleg. Bht bistår i arbeidet med å lage hms-årsplan.

8. Prioriteringer 2025

- Prioritere gudstenester, samlingar og undervisning i kyrkja.
- Felles kyrkjeleg samarbeid.
- Rekruttere fleire frivillige.
- Prioritere givarteneste.
- Nytt kyrkjesenter.
- Ansette ny kyrkjevevje/dagleg leiar.
- Utarbeide vedlikehaldsplan for bygg.
- Økonomistyring og budsjettarbeid.
- Fornya samarbeidsavtale/avtale om tenesteyting med kommunen.
- Digitalisering/modernisering av drifta ved kontoret.
- Utvikle heimesida.

Organisasjonskart pr. desember 2024

